



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/24	Formannskapet	01.02.2024
008/24	Kommunestyret	15.02.2024

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 22/785 - 12
------------------------------------	---------------	-------------------------------------

Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2024 - 2035, vedtak av planprogram

Kort samandrag:

Gjeldande Kommunedelplan for Trafikktryggleik er utgått, og det må lagast ny plan for dei neste 10-12 åra. Handlingsdelen skal gjelda for 4 år, og reviderast årleg. Planprogrammet til prosessen har vore ute til offentleg ettersyn saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Det ligg til rette for å vedta planprogrammet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret fastset framlegg til Planprogram til ny Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2024 - 2035, med handlingsdel for 2024-2027, i medhald av Plan-og bygningslova § 11-13. Framdriftsplanen vert oppdatert slik som det kjem fram i vurderinga.

01.02.2024 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 011/24 Vedtak

Kommunestyret fastset framlegg til Planprogram til ny Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2024 - 2035, med handlingsdel for 2024-2027, i medhald av Plan-og bygningslova § 11-13. Framdriftsplanen vert oppdatert slik som det kjem fram i vurderinga.

15.02.2024 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 008/24 Vedtak

Kommunestyret fastset framlegg til Planprogram til ny Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2024 - 2035, med handlingsdel for 2024-2027, i medhald av Plan-og bygningslova § 11-13. Framdriftsplanen vert oppdatert slik som det kjem fram i vurderinga.

Vedlegg:

Høringsinnspill til Kommunedelplan for trafikktryggleik 2023-2035

Innspill til trafikktryggleiksplan 2023-2035

Innspel til kommunedelplan for Trafikktryggleik 2023-2035

I samband med tiltak for å betra trafikktryggleiken i kommunen

Innspel til Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2023-2035. ØAL

Oppstart av planprosess for Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2023-2035 og høyring av planprogram

Framlegg til planprogram_KDP Trafikktryggleik

KDP Trafikktryggleik, revidert handlingsplan 2022_vedteke

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova § 11-13 og 4-1

Saksutgreiing

Fokus på trafikktryggleik handlar om å gjera eit målretta arbeid for å redusere faren for alvorlegeskader og tap av liv. Trafikkulykker fører med seg store samfunnskostnader. Kommunedelplan for Trafikktryggleik ("Trafikktryggleiksplanen - TT) skal presentera utfordringar, målsettingar og prioriteringar for trafikksikringsarbeidet i kommunen, med utgangspunkt i dei økonomiske rammene som er lagt i kommunen sine budsjett. Føremålet med ein kommunal trafikktryggleiksplan (TT –plan) er å leggja grunnlaget for eit målretta og systematisk trafikktryggleiksarbeid i Lærdal kommune. TT-planen er eit overordna grep for å få talet på ulykker ned og auka tryggleiken i trafikken. Planen skal og gje ein oppdatert gjennomgang av dei utfordringar ein har i Lærdal knytt til trafikken, og påverka aktørar til å delta aktivt i arbeidet med trafikktryggleik.

Gjeldande Kommunedelplan for Trafikktryggleik (TT-planen) må reviderast for nye år, og det må utarbeidast handlingsplan med tiltak for den neste 4 års-perioden. Trafikktryggleiksplanen er grunnlaget for å kunne søke trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen, og planen skal reviderast kvart 4 år og ha oppdatert og prioritert handlingsplan for å kunne vere grunnlag for trafikksikringsmidlar. Planen legg grunnlag for prioriteringar i kommunen, og legg også føringar for det førebyggjande arbeidet. Planen er og grunnlag for drøftingar og innspel knytt til RTP og NTP (regional og nasjonal transportplan). Administrasjonen har utarbeida framlegg til planprogram for Kommunedelplan for Trafikktryggleik, og det vert vist til planprogrammet for meir informasjon om organisering, medverknadsprosess, innhald, framdriftsplan osv. Administrasjonen vil nytte Trafikktryggleiksgruppa i kommunen som styringsgruppe for planarbeidet.

Planprogrammet har vore ute til offentleg ettersyn, og det kom då inn ein del merknadar som ligg vedlagd. Merknadane inneheld stort sett innspel til sjølve planen, så desse vil bli teke vidare og vurdert i planarbeidet når kommunedelplanen med handlingsdel skal utarbeidast. Desse vert difor ikkje handtert i denne saka, då dei ikkje er relevante for sjølve planprogrammet.

Kommunen vart i november -23 sertifisert som Trafikksikker kommune. Kriteriar og dokumentasjonen, samt tiltak som vart gjennomført i sertifiseringsprosessen, må vidareførast i planarbeidet. Det har vore møte i Trafikktryggleiksgruppa 22.01.24, der Kommunedelplan for Trafikktryggleik var eit av hovudtemaer. Det vart her henta inn mange innspel som skal gje grunnlag for gode vurderingar i det vidare arbeidet med planen. Prosjekt Trygge Lærdal er representert i Trafikktryggleiksgruppa, og vert her involvert direkte inn i arbeidet med trafikktryggleik i kommunen.

Økonomiske konsekvensar

Ingen

Vurdering

Administrasjonen meiner at framlegg til planprogram legg opp til ein breid medverknadsprosess, noko som er viktig når det gjeld trafikktryggleik, då dette ofte er noko innbyggjarar kjenner på i kvardagen sin. Det er viktig å skape moglegheiter til å kome med munnlege og skriftlege innspel, gjerne for eksempel gjennom informasjon på foreldre-og tilsettemøte i skule og barnehage. Det ligg til rette for å vedta oppstart av planarbeidet for ny kommunedelplan for oppvekst og leggje framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn og høyring. Fordi handlingsplanen i gjeldande plan vart forlenga i eitt år, har arbeidet med å utarbeide ny TT-plan vore utsatt.

Framdriftsplanen i planprogrammet må difor reviderast, og vert føreslege slik:

Aktivet	Tidspunkt (i 2024)
Vedtak om oppstart og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn	

Kunngjering av oppstart og høringsperiode for planprogrammet	
Fastsetting av planprogram i kommunestyret	15. februar
Karlegging, analyse, medverknadprosess, utarbeiding av planframlegg	Februar - April
Høringsperiode framlegg til plan	Mai - Juni
Vedtak av plan i kommunestyret	Juni

Det ligg til rette for å fastsette planprogrammet, med oppdatert framdriftsplan.